




FAKTORAR SOM KAN GJE AUKA RISIKO FOR Å UTVIKLA VANSKAR

Følgande risikofaktorar er meint som ei samling av informasjon, henta frå boka «Barn i risiko – skadelege omsorgssituasjonar» av Øyvind Kvello.

Det er ikkje slik at dersom eit barn eller ein ungdom er eller har vært utsett for ulike risikofaktorar i sitt liv vert dei garantert skadelidande av det, men ein risikofaktor betyr nettopp auka risiko. Av den grunn er det viktig å reflektera kring risikofaktorar når me kjenner på uro for eit barn eller ein ungdom, for å sjå om me kjenner att faktorar som kan utgjere ein risiko. Ei slik vurdering vil og være eit godt grunnlag for drøftinga med foreldre. Sjå og verktøy om beskyttelsesfaktorar, desse skal sjåast i samanheng.

Ulike faktorar har og ulik risiko. Det er forsøkt markert i tabellen med fargekodar, men her er heller ingen fasit. Det er mange element som spelar inn på om eit barn utviklar vanskar eller ikkje, og det som kan være ein «grøn» faktor for nokon barn vil være «rød» for andre. Det finns likevel ulike faktorar som statistisk sett gjer ein høgare risiko for å utvikla vanskar, og det er dette fargekodane forsøker å visa.

RISIKOFAKTOR	KOMMENTAR
Brot i nære relasjonar	Dødsfall, mista/brot med venner, familie, bytte av skule og barnehage, inkl. flytting, med meir
Adopsjon	
Flytting	3 gonger eller meir i alderen 1-18 år, brot med nærmiljø
Langvarig fråvær frå omsorgspersonar	Meir enn ei veke 1. leveår, meir enn 2. veker 2. leveår, og meir enn ein månad fram til 5-års alder.
Samlivsbrot	
Barnet har eller har hatt steforeldre	
Første eller andre generasjon innvandrar til Noreg	Forutset svak integrering i samfunnet
Alvorleg somatisk sjukdom	Fare for liv, lange opphald på sjukehus, restriksjonar i kvardagen
Generelle lærevanskar	Psykisk utviklingshemming
Vanskar med irritabilitet, impulsivitet, hyperaktivitet eller konsentrasjonsvanskar	Temperament, mangelfull/skadeleg omsorg, eller ADD/ADHD, psykisk utviklingshemming eller autisme
Vanskar med sjenanse, sky, sosialt tilbaketrekt eller generelt utrygt	Temperament, mangelfull/skadeleg omsorg, engsteleg/angst eller nedstemt/depresjon.
Vanskar med å etablere vennskap	





Ein eller fleire med primære omsorgsoppgåver har eller har hatt psykiske lidningar	
Ein eller fleire med primære omsorgsoppgåver har sjølv vakse opp med omsorgssvikt, vald eller overgrep	Inkludert familievald, mishandling og seksuelle overgrep
Ein eller fleire med primære omsorgsoppgåver har eller har hatt rusmiddelmissbruk	
Ein eller fleire med primære omsorgsoppgåver har eller har hatt kognitive vanskar	
Ein eller fleire med primære omsorgsoppgåver har eller har hatt kriminell adferd	
Ein eller fleire med primære omsorgsoppgåver har eller har hatt alvorleg somatisk sjukdom eller funksjonsnedsetting	
En eller fleire av omsorgspersonane står eller har stått utanfor ordinært samfunnsliv	Gjeld over lengre tid; arbeid, tiltak eller studiar. Inkluderer og relativ fattigdom, og høg gjeldsgrad som tyngjer familien.
Uavklart status for opphald for flyktningar og asylsøkjjarar	Inkluderer og avslag og ventetid (og for familiegjening)
Veks opp/har hatt store delar av oppveksten i eit belasta nærmiljø	Gjeld bydelar i store byar i og utanfor Noreg
Kriminelle handlingar	Inkludert dyremishandling og brannstifting
Promiskuøs, vagabonderer og utset seg sjølv for fare/risiko	
Dårleg fungerande barnehage eller skulemiljø	Høg førekomst av vanskar, svak struktur, lite varme og omsorg hos vaksne, høgt sjukefråvær, høg turnover, med meir.
Høgt konfliktnivå i kjernefamilien	Inkludert mellom kjernefamilie og slekt, venner og naboar og offentleg tilsette.
Nåtidig eller tidlegare valdsutøving i familien	
Familien er stigmatisert eller sosialt isolert	

